



Borlaug & Brosvik Transport AS
Floghaugane 24
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2492 - 18/22542

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
25.10.2018

Pålegg om å gi opplysningar

Meland kommune pålegg dykk å gi opplysningar om mogeleg forureining i Kloppedalsbekken innan 01.11.2018. Dette brevet inneheld informasjon om kva saka gjeld, og kva de må gjere for å følgje pålegget.

Meland kommune viser til lekkasje av 1000l Re-Healing Foam RF1 som starta ved Mjåtveit næringspark laurdag den 20.10.2018. Lekkasjen vart oppdaga som følgje av store mengder skum i Kloppedalsbekken som munnar ut i Mjåtveitelva. Basert på opplysningane i saka ser vi på Borlaug og Brosvik Transport AS som ansvarleg forureinar. Kommunen kan krevje at de gir oss dei opplysningane vi treng, jamfør forureiningslova § 49.

Kva opplysningar treng vi?

De må sende oss følgjande opplysningar innan 01.11.2018:

- Ein utgreiing av kva slags oppryddingstiltak som blei gjennomført
- Effekt av tiltak som blei sett i verk
- Informasjon om forureiningsfaren
- Vurdering av miljøkonsekvensane, inkludert verknaden utsleppet kan ha på liv i vatn

Send opplysningane til Postbok 79, 5906 Frekhaug eller til postmottak@meland.kommune.no innan 01.11.2018.

Vi vil bruke opplysningane til å vurdere vidare oppfølging av saka og til å vurdere pålegg om konkrete tiltak.

De kan klage på vedtaket

De kan klage på vedtaket dersom de meiner at de ikkje har plikt eller høve til å gi opplysningane, jamfør forvaltningslova § 14. Fristen for å klage er **tre dagar**. Send klagen til Postboks 79, 5906 [Frekhaug/postmottak@meland.kommune.no](mailto:Frekhaug@postmottak@meland.kommune.no). Klagen kan også vere munnleg.

De har rett til å sjå dokumenta i saka

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinno: www.nordhordlandskart.no

De har rett til å sjå alle dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19.

Har de spørsmål?

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med saksbehandlaren vår på 56171449 og/eller kristin.moe@meland.kommune.no.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mjåtveitlvens forening v/Kjell Tufte
Nordhordland lensmannskontor
v/Glenn Ulrik Våge

Mottakere:

Borlaug & Brosvik Transport AS

Floghaugane 24 5918

FREKHAUG